



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 1. desember 2014

Stad: Meland kommunehus – møterom 1

Kl.: 08.30 – 09.30

Tilstades: Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Beate Eknes, Asbjørn Larsen og Helge Nygård – vara for Vikebø

Innkalla: Ordførar deltok i møte

Revisjon:

Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss

Forfall: Jarle Vikebø – vara var kalla inn

34/14 Selskapskontroll

Heimelen for selskapskontroll føl av kommuneloven (koml.) § 77 nr. 5, som fastsetter at kontrollutvalet skal ”påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.”, jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

I Note 5 i rekneskapen for Meland kommune der lista opp i kva selskap som kommunen har aksjar i. I tillegg kjem interkommunale selskap som NGIR, Nordhordland Revisjon og Nordhordland Utviklingsselskap.

I Note 5 går det fram at det er 2 selskap som Meland kommune har vesentlege eigarandelar i. Det er følgjande selskap:

Selskapet sitt namn	Eigarandel i selskapet
Meland Utbyggingsselskap AS	100 %
MAKS Meland Arbeids- og Kompetanse senter AS	54 %

Kontrollutvalet hadde ein gjennomgang av oversikten over selskap. Kontrollutvalet ser det som viktig å prioritere selskap der kommunen har høg eigarandel og som er viktig for kommunen sin tenesteproduksjon.

Selskapskontrollen vil også fokusere på kva rutinar kommunen har for å følgje opp sine eigarinteresser, slik at den vil gå noko vidare enn berre å fokusere på det spesifikke selskapet. Aktiviteteten i Meland Utbyggingsselskap er relativt liten, men i MAKS er aktiviteten stor og den har vokst mykje dei siste åra. Selskapet er også viktig for kommunen for å ha eit fullverdig tenestetilbod.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet prioritærer å få gjennomført selskapskontroll i MAKS Meland Arbeids- og Kompetanse senter AS der kommunen har eigarandel på 54 %.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioritærer å få gjennomført selskapskontroll i MAKS Meland Arbeids- og Kompetanse senter AS der kommunen har eigarandel på 54 %.

Frekhaug, 1. desember 2014

Marie Morken/leiar

Bent Gunnar Næss/sekretær